

# Interpellasjon

## Heider til kulturarbeidarar og unge talent i Stranda kommune

### Kulturpris i Stranda kommune:

Kulturlivet er ein viktig del av alle samfunn, såleis også i Stranda. Mange menneske gjer ein stor og årelang innsats for å engasjere innbyggjarane våre og gjere fritida trivelegare for alle. Slike kulturarbeidarar må ikkje gløymast, og vi synest det er på tide at kulturprisen igjen kan delast ut. Det finst truleg aktuelle kandidatar til prisen i alle bygdelaga våre.

Kva vil kommunen gjere for at slik utdeling igjen blir sett i gang?

### Talentpris:

For nokre år sidan vart det, i samarbeid med Stranda Energi AS, delt ut ein talentpris til unge kulturutøvarar i Stranda kommune. Dette var etter mange si meining ein fin måte å heidre slike på, ikkje minst for å gje dei inspirasjon til vidare aktivitet.

Kva kan kommunen gjere for at denne prisen igjen vert mogleg å dele ut?

Stranda 09.02.18

Stranda Senterparti

  
Petter Hjørungdal

leiar